



**DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**

Statsråden

Statens bygningstekniske etat
Postboks 8742 Youngstorget

0028 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
08/2783-1 BEE

Dato **13 JAN 2009**

Tildelingsbrev til Statens bygningstekniske etat for 2009

I dette tildelingsbrevet følger Kommunal- og regionaldepartementet opp dei vedtak og føresetnader som Stortinget har treft for 2009, jf. Budsjett-innst. S. nr. 1 (2008-2009), Budsjett-innst. S. nr. 5 (2008-2009) og St.prp. nr. 1 (2008-2009) for Kommunal- og regionaldepartementet.

I tildelingsbrevet stiller departementet til disposisjon løyvingar for Statens bygningstekniske etat i 2009. Det blir òg gjort greie for kva for inntekter som blir føresette i budsjetterminen, og kva for satsingsområde og mål som skal gjelda for verksemda i 2009. Der ikkje anna er sagt, blir det lagt til grunn at verksemda blir vidareført.

Statens bygningstekniske etat har eit ansvar for å informera departementet om det oppstår vesentlege avvik i gjennomføringa av politikken, i planar som er avtalt med departementet eller i verksemda generelt. Statens bygningstekniske etat skal ta opp eventuelle uklare punkt i tildelingsbrevet med departementet.

Tildelingsbrevet har følgjande disposisjon:

- I. Mål og resultat for 2009
- II. Andre føringar frå departementet
- III. Budsjettildeling for 2009
- IV. Kalender for styringsdialogen og plan for rapportering
- V. Relevante dokument

I. MÅL OG RESULTAT FOR 2009

Departementet ber om at Statens bygningstekniske etat prioriterer følgjande satsingsområde for 2009:

- Arbeidet med nye forskrifter og rettleiarar til plan- og bygningslova, og god implementering i byggjenæringa og i forvaltinga
- Arbeidet med ei berekraftig utvikling med omsyn til klimautfordringar og miljøkvalitetar
- Arbeidet med oppfølging av ny handlingsplan og nye krav til universell utforming
- Arbeidet som tilsynsstyremakt for byggjevaremarknaden og oppfølging av føretak med sentral godkjenning
- Arbeidet med å tilpassa ByggSøk til ny plan- og bygningslov

Det er utarbeidd eit opplegg for mål- og resultatstyring av Statens bygningstekniske etat. For kvart hovudmål er det formulerte arbeidsmål, som er dei operasjonelle styringsmåla for Statens bygningstekniske etat. For nokre arbeidsmål er det styringsparametrar og/eller krav til rapportering. Rapporteringa må, så langt det er mogleg, relaterast til same periode året før og til utviklinga sia førre rapportering. I vedlegg 1 finns ein oppsummerande rapporteringskalender. Departementet vil streka under at dei hovudområda og styringsparametrane som kjem fram i dette brevet, ikkje er uttømmende for kva etaten skal arbeida med.

HOVUDMÅL 1: EIN VELFUNGERANDE BUSTADMARKNAD

Statens bygningstekniske etat har ingen oppgåver under dette hovudmålet.

HOVUDMÅL 2: AUKA BUSETJING AV VANSKELEGSTILTE PÅ BUSTADMARKNADEN

Statens bygningstekniske etat har ingen oppgåver under dette hovudmålet.

HOVUDMÅL 3: BYGGJEPROSESSEN SKAL VERA GOD OG EFFEKTIV

Regjeringa er oppteken av at byggjeprosessen er effektiv og at mengda byggjefeil går ned. Regjeringa vil òg stimulera til berekraftig og varig kvalitet i bustader, bygg og bygde omgivnader. Etter planen skal Stortinget handsama bygningsdelen i ny plan- og bygningslov i 2009. Lovutkastet er meir brukarvennleg og gjev klarare reglar for å sikra kvalitet i bygg. Det er mellom anna foreslått nye reglar om uavhengig kontroll, tilsyn i kommunane og sanksjonar. I 2009 skal det bli utarbeidd forskrifter og rettleiarar til lova, og Statens bygningstekniske etat vil ha ei viktig rolle i utforminga og formidlinga av desse.

Arbeidsmål 3.1: Meir brukarvennleg og målretta byggjesaksbehandling

Departementet viser til arbeidet med nye forskrifter til ny plan- og bygningslov, der Statens bygningstekniske etat utarbeider ein betydeleg del av forslaga.

Statens bygningstekniske etat skal bidra til ein god prosess i høyringa av forskriftene, mellom anna innsamling og samanstilling av synspunkt, og utarbeiding av endelege forslag til forskrifter og rettleiarar.

Statens bygningstekniske etat skal i nær dialog med departementet førebu og organisera arbeidet med informasjon om nye reglar. Arbeidet skal samordnast med Miljøverndepartementet, som er ansvarleg for plandelen av lova. Statens bygningstekniske etat skal utarbeida informasjonsopplegg som òg kan nyttast av Fylkesmenn og andre, særleg med sikte på ein smidig og rask overgang for byggjenæringa og kommunane.

Statens bygningstekniske etat skal i 2009 fortsetja arbeidet med å auka bruken og tilpassa ByggSøk slik at systemet er i samsvar med dei nye reglane.

Statens bygningstekniske etat skal halda fram samarbeidet med næringa, og andre offentlege aktørar i koordineringsutvalet for elektronisk samhandling i plan- og byggesaker i offentlig sektor, om utvikling av standardar og verktøy for trygg datautveksling.

Statens bygningstekniske etat skal fortsetja arbeidet i KoBE for å medverka til ei betre kommunal eigedomsforvaltning. Kompetansetiltak som styrkjer rolla til dei folkevalte når det gjeld å utøva eit aktivt eigarskap, skal prioriterast.

Styringsparametrar:

- Grad av tilfredsheit blant brukarane.
- Søknader laga på ByggSøk Bygg. Måtalet i 2009 er 50 000.
- Søknader laga på ByggSøk Bygg som er sendte inn elektronisk. Måtalet for 2009 er 40 000.
- Delen av byggesaker totalt. Måtalet for 2009 er 45-55 pst.
- Talet på kommunar som tar imot byggjesøknader elektronisk. Måtalet for 2009 er 300.
- Talet på kommunar som tar imot planforslag elektronisk. Måtalet for 2009 er 40.
- Talet på gjennomførde kurs i ByggSøk Bygg.

Rapportering:

- Tilpassing av ByggSøk til ny lov og forskrift. Det er krav om tertialsvis rapportering for arbeidet i 2009.
- Plan for organisering av informasjonsarbeidet med ny lov og forskrifter. Frist for rapportering er 2. tertial 2009.

Arbeidsmål 3.2: Auka seriøsitet og færre byggjefeil i byggjenæringa

Kvaliteten på bygg er avhengig av at føretaka har kompetanse, styring og kontroll med planlegging, prosjektering og sjølve gjennomføringa av byggjeprosessen.

Statens bygningstekniske etat skal medverka til auka kunnskap om byggjereglane og byggjeprosessen i byggjenæringa og i kommunane. Det skal leggjast vekt på eit presist og godt formulert regelverk, og tenlege rettleiarar for aktørane. Departementet ber om at etaten lagar informasjonsmateriale med mål om å auka forståinga og gjera det enklare å oppfylle krava i regelverket. Eksempel på viktige område er klimatilpassing av byggverk og sikkerheit mot fukt- og brannskadar. Rådgiving og rettleiing skal rettast mot dei bransjane der problema i byggjesaker oppstår oftast.

Statens bygningstekniske etat skal leggja vekt på arbeidet som tilsynsstyremakt for byggjevaremarknaden, auka oppfølginga av føretak med sentral godkjenning og vera pådrivar for betre praktisering av gjeldande byggjereglar.

Statens bygningstekniske etat skal vera open for å leggja til rette for at andre liknande nasjonale godkjenningsordningar kan innpassast i ordninga for sentral godkjenning av føretak.

Statens bygningstekniske etat skal i 2009 fortsetja å støtta opp under standardiseringsarbeidet både nasjonalt og internasjonalt. Departementet ber om at etaten medverkar til at standardar blir oppdaterte, og at nye standardar blir utvikla. Gode og eintydige standardar er ein viktig føresetnad for gode byggjeprosessar og kvalitet i det bygde miljø, og som grunnlag for bruk av uavhengig kontroll.

Styringsparametrar:

- Talet på sentralt godkjende føretak.
- Talet på godkjende føretak som blir følgt opp. Kravet i 2009 er at 1/3 av de godkjente føretaka blir følgt opp.
- Talet på tilsyn med bedrifter som har sentral godkjenning.
- Talet på føretak som har mista den sentrale godkjenninga.
- Talet på tiltak som har fått tilskot frå KoBE.

Rapportering:

- Plan for arbeidet som tilsynsstyremakt for byggjevaremarknaden. Frist er sett til 2. tertialsrapportering til styringsmøte 15. juni, jf. vedlegg 2 med kalender for styringsdialogen og plan for rapportering.

Arbeidsmål 3.3: Styrkt kompetanse og tilsyn i kommunane

Statens bygningstekniske etat skal gjennomføra tiltak som stimulerer til ei auke i tilsynsaktiviteten i kommunane, og betre kvalitet på tilsyna. I tillegg til forslaga i ny plan- og bygningslov, blir resultata frå prosjekta i Byggjekostnadsprogrammet viktige

for å kunna identifisera område der det bør stillast krav om uavhengig kontroll eller gjennomføring av tilsyn. I samarbeid med departementet skal etaten førebu kommunane på bruk av dei nye sanksjonsreglane som er foreslått i Ot.prp. nr. 45 (2007-2008).

Statens bygningstekniske etat skal i nært samarbeid med departementet gjennomgå konklusjonane i rapporten frå Ålesundsutvalet, og vidare vurderer behovet for ny eller revidert rettleiar til kommunar og byggjenæring. Det same gjeld konklusjonane frå "Storfjordutredningen" som no ligg føre. Det vidare arbeidet vil måtta ta omsyn til behov for nye retningslinjer for utbygging i fareområde.

HOVUDMÅL 4: FLEIRE MILJØVENNLEGE OG UNIVERSELT UTFORMA BUSTADER OG BYGG PÅ ATTRAKTIVE STADER

Primæroppgåva til Statens bygningstekniske etat under hovudmål 4 er å stimulera til ein berekraftig og varig kvalitet i bustader, bygg og bygde omgivnader. Viktige føresetnader for å lukkast i dette arbeidet er eit godt samarbeid med aktørar i bustad- og byggsektoren for å spreia kunnskap og innhenta erfaringar, og å fremja forskning og utgreiing som gjev grunnlag for vidare utvikling av regelverket.

Politikkområdet under hovudmål 4 grenser til andre planar som regjeringa har utarbeidd. Følgjande dokument er relevante:

- St.meld. nr. 26 (2006-2007) Regjeringa sin miljøpolitikk og rikets miljøtilstand
- Ot.prp. nr 44 (2007-2008) Om lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne
- Ot.prp. nr. 61 (2005-2006) Om lov om endringar i lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energilova)

I tillegg viser departementet til at det skal etablerast ein ny miljøhandlingsplan for bustad- og byggsektoren (2009-2012), og ein handlingsplan for auka tilgjengelegheit og universell utforming.

Arbeidsmål 4.1: Auka tal på miljøvennlege bustader og bygg

Innan sumaren 2009 vil det bli lagt fram ein ny miljøhandlingsplan for bustad- og byggsektoren (2009-2012). Departementet ber Statens bygningstekniske etat om å avsetja ressursar til å samarbeida med departementet og Husbanken om ferdigstillinga av planen. Etaten skal ha eit godt samarbeid med Husbanken om oppfølging av tiltak i planen.

Etaten skal vera med på å auka kompetansen om klima- og miljøvennlege bygg og byggjeverksemd hos aktørane i bustad- og byggjesektoren. Dette skal skje gjennom

kursverksemd, informasjonsformidling, ved vidareutvikling av internettbasert informasjon frå etaten og støtte til forskning og utgreiingar.

Departementet ber om at etaten vidarefører tilskotet til og samarbeidet med Byggemiljø.

For å unngå miljø- og helsefarlig avfall er det viktig at skadelege forbindelsar i dagens byggprodukt blir erstatta med mindre farlige stoff. Satsinga på arbeidet som byggjenæringa gjer med bruk av miljødeklarasjonar, skal ha høg prioritet i 2009.

Departementet viser til St.meld. nr. 34 (2007-2008) Klimameldinga og til Klimaforliket. Av forliket kjem det fram mellom anna at satsinga på Lavenergiprogrammet skal trappast opp og at energikrava i Teknisk forskrift skal bli reviderte oftare enn før. Departementet ber om at Statens bygningstekniske etat samarbeidar med Lavenergiprogrammet for å auka kunnskapen til byggje- og eigeidomsnæringa om lågenergibygg. Departementet ber òg om at etaten får utarbeidd ei utgreiing om kva som må gjerast for å nå eit mål om passivhusstandard for alle nybygg innan 2020, både gjennom utviklingsarbeid og moglege, trinnvise skjerpingar av energikrava. Departementet ber om at etaten styrkar sitt samarbeid med Enova og Husbanken i innsatsen for reduserte klimagassutslepp og lågare energibruk i bygg.

Statens bygningstekniske etat skal aktivt bidra i Miljøverndepartementet sitt program, Framtidas byer, både i gruppa for stasjonær energi og for klimatilpassing.

Statens bygningstekniske etat skal ha ei god informasjonsutveksling med Husbanken, og andre aktørar i sitt arbeid med inneklimate, og etaten skal informera om temaet der dette er aktuelt.

Statens bygningstekniske etat skal òg følgja opp samarbeidet med undervisningsinstitusjonar og andre aktørar, mellom anna innan forskning og utvikling, slik at fokus på miljøvennlege bustader og bygg aukar i desse institusjonane.

Styringsparametrar:

- Tal på miljødeklarasjonar for byggprodukt som er tilgjengelig.

Rapportering:

- Oppfølginga av Miljøhandlingsplanen for perioden 2005-2008, inkludert eit avsnitt om strategi for vidare arbeid. Frist for rapporteringa er 1. juni 2009.
- Utgreiinga om passivhus i 2020. Frist for oversending av utgreiinga og vurderingar frå Statens bygningstekniske etat er 1. desember 2009.

Arbeidsmål 4.2: Auka tal på universell utforma bustader, bygg og uteområde

Statens bygningstekniske etat skal saman med Husbanken halda fram arbeidet med å auka medvit og kompetanse om universell utforming. I samband med ny tverrdepartemental handlingsplan for universell utforming skal det introduserast eit nytt program for informasjon om universell utforming retta mot kommunar, fylkeskommunar, byggje- og eigedomsnæringa og bustadeigarar. Statens bygningstekniske etat skal samarbeida med Husbanken om dette programmet. Etaten skal ha prosjektleiinga og sekretariatsansvaret for programmet. Statens bygningstekniske etat må difor setja av tilstrekkeleg ressursar for å følgja opp arbeidet.

Statens bygningstekniske etat skal utvikla eit handlingsprogram for implementering av universell utforming og tilgjengelegheit gjennom dei verkemidla som etaten forvaltar. Etaten skal følgja opp andre tiltak i planen på etaten sitt område, mellom anna initiera forskning og utvikling om tekniske løysingar for universell utforming og bidra i arbeidet med indikatorutvikling. Det skal setjast i gang tiltak for å implementera kunnskap om universell utforming hos næringa og andre aktørar før ny plan- og bygningslov trer i kraft. Departementet viser til hovudmål 3.1 om informasjonsverksemd knytt til ny plan- og bygningslov.

Universell utforming skal òg vera eit tema i KoBE.

I løpet av 2009 skal forslag til ny Teknisk forskrift på høring. Departementet ber om at Husbanken og Statens bygningstekniske etat samarbeidar om å utarbeida forslag til kvalitetskrav (ut over minstekrav) som kan bli stilt ved tildeling av grunnlån i Husbanken. Forslaget skal fremjast i notat til departementet innan 1. september 2009.

Styringsparametrar:

- Byggjenæringa si kjennskap til universell utforming, jf. brukarundersøkinga til Statens bygningstekniske etat.
- Byggjenæringa sin kompetanse om krava til "brukbarheit" i Teknisk forskrift, jf. brukarundersøkinga.
- Tal på tilsyn i høve til universell utforming.
- Tal på besøkande på nettstaden "Din feil".
- Tal på besøkande på nettstaden "Universell utforming av bustad og bygg" på etatens eigen nettstad.

Rapportering:

- Handlingsplan for universell utforming (2005-2009). Frist for rapporteringa er 2. tertialsrapport i 2009.
- Forslag til nye kvalitetskrav som kan bli stilt ved tildeling av grunnlån i Husbanken. Frist for forslag er 1. september 2009.

Arbeidsmål 4.3: Fleire stader med god byggjeskikk og godt bumiljø

Statens bygningstekniske etat har ingen nye oppgåver under dette hovudmålet.

II ANDRE OPPGÅVER

Kommunikasjon og informasjon

Statens bygningstekniske etat skal bruka informasjon som eit strategisk verkty der omsyn til aktuelle målgrupper blir ivaretatt. Informasjonsarbeidet skal vera aktivt og støtta opp under dei strategiane som gjeld for verksemda.

Informasjon bør bli gjeve til dei aktuelle mottakarane så tidleg som mogleg, og på eigna form, og Statens bygningstekniske etat må ha ein strategi for korleis å nå fram til målgruppene.

Statens bygningstekniske etat skal orientera departementet i god tid før offentleggjering av utgreingar som Statens bygningstekniske etat har ansvaret for. I tillegg til å vurdera utgreiingane fagleg, ber departementet Statens bygningstekniske etat om å gje si vurdering av om utgreiingane er av politisk interesse og eventuelt på kva måte dei er av politisk relevans.

Departementet legg til grunn at Statens bygningstekniske etat har etablerte rutinar for når departementet skal bli orientert om saker som kan bli store/vanskelege/kontroversielle i media. Statens bygningstekniske etat skal ha etablert tilfredsstillande planar for krisehandtering, medrekna krisekommunikasjon, der kontakten med departementet vil vera ein viktig del.

Internasjonalt arbeid

Statens bygningstekniske etat skal ha god kjennskap til det internasjonale og det norske arbeidet med standardisering. Det er særleg viktig at etaten har god kjennskap til EØS-arbeid i EU som kan få konsekvensar for politikkområda til departementet.

Statens bygningstekniske etat kan representere departementet som fagmyndigheit i relevante samanhenger etter avtale. Etaten skal halde departementet orientert om internasjonalt arbeid, medrekna deltakingar i komitear og ekspertgrupper i EFTA/EØS-regi. Etaten skal ta opp spørsmål av prinsipiell tyding med departementet. Statens bygningstekniske etat skal utarbeida utkast til EØS-notat for departementet så snart dei får kjennskap til at Kommisjonen førebur forslag til nye EU-rettsakter som er relevante på det bygningspolitiske området, jf. retningsliner av 14. januar 2002.

Statens bygningstekniske etat blir bedd om å publisera relevant informasjon frå EU/EØS på heimesida si.

Statens bygningstekniske etat skal innan utgangen av 2009 arrangerer eit seminar for departementet og Husbanken. Temaet skal vere informasjon om forordningar og direktiv som gjeld EØS-pliktane innanfor politikkområdet til departementet.

Risikostyring og intern kontroll

Departementet ber om at Statens bygningstekniske etat utarbeider ein årleg risikoanalyse. Denne analysen skal vera eit grunnlag for risikovurderingane i tertialsrapporteringa til styringsmøta. Departementet viser til rettleiar om risikostyring i staten (SSØ).

III BUDSJETTILDELING FOR 2009

Departementet viser til Budsjett-innst. S. nr. 5 (2007-2008) og St.prp. nr. 1 (2007-2008) for Kommunal- og regionaldepartementet.

Følgjande utgifter og inntekter blir stilt til disposisjon for Statens bygningstekniske etat i 2009:

Utgifter

<i>Kap.</i>	<i>Post</i>		<i>Sum i 1 000 kr</i>
587	01	Driftsutgifter	46 700
587	22	Kunnskapsutvikling og informasjonsformidling	10 300

Inntekter

<i>Kap.</i>	<i>Post</i>		<i>Sum i 1 000 kr</i>
3587	04	Gebyr, sentral godkjenning av føretak	21 000

Statens bygningstekniske etat er gjeve ei løyving på 46,7 mill. kr over kap. 587, post 1 Driftsutgifter. Løyvinga inkluderar drift av ordninga med sentral godkjenning av føretak for ansvarsrett i bygningssaker. Ordninga med sentral godkjenning skal vera til sjølvkost, jf. kap. 3587, post 4 Gebyr, sentral godkjenning føretak.

Meirinntektsfullmakt

Statens bygningstekniske etat kan i 2009 overskrida løyvinga under kap. 587, post 1 Driftsutgifter mot ei tilsvarende meirinntekt under kap. 3587, post 1 Gebyr, sentral godkjenning av føretak, jf. Budsjett-innst. S. nr. 5 (2008-2009) romartalsvedtak II.

IV KALENDER FOR STYRINGSDIALOGEN OG PLAN FOR RAPPORTERING

Styringsdialogen mellom Statens bygningstekniske etat og departementet består hovudsakleg av styringsmøte, inkludert rapportering på mål og resultat for bestemte periodar. Dei seinare åra har det blitt gjennomført kvartalsvise møte med utgangspunkt i kvartalsrapportar. Departementet vil i 2009 redusera hyppigheita frå kvartalsvise til tertialvise møte.

Rapportering på måloppnåing i forkant til kvart styringsmøte, skal vera departementet i hende seinast den 10. i den andre månaden etter utløpet av rapporteringsperioden. Statens bygningstekniske etat skal då rapportera på satsingsområda, hovud- og arbeidsmåla, og styringsparametrane. Vedlegg 1 har ein oversikt over styringsparametrane og andre krav til rapportering. Oversikten er ikkje uttømmende for kva som vil vera formålstenleg for Statens bygningstekniske etat å rapportera på.

Dei tertialvise rapportane skal ha ei oversikt og kort beskriving av forskings- og utgreiingsprosjekt som har fått tilskot over kap. 587, post 22 Kunnskapsutvikling og informasjonsformidling. Oversikta over prosjekta skal fordelast på mottakarar, tema/formål og beløp.

Det første styringsmøte for året 2009 skal omhandla årsmeldinga til Statens bygningstekniske etat. Årsmeldinga skal omtala resultatata i forhold til alle måla knytt til verksemda for 2008. Den foreløpige årsmeldinga skal vera departementet i hende seinast 10. februar 2009. Departementet vil syta for at den blir vidaresendt til Riksrevisjonen. I årsmeldinga skal Statens bygningstekniske etat mellom anna omtala sjukefråværet og status for likestilling, jf. mal som ligg vedlagt tildelingsbrevet. Statens bygningstekniske etat blir også bedd om å rapportera på tiltak som er eller blir planlagt for å redusera sjukefråvær og fremjing av likestilling.

Som ein del av statstenesta, er Statens bygningstekniske etat omfatta av etiske retningslinjer. Desse retningslinjene er meint å vera generelle rettesnorar som krev refleksjonar frå den einskilde tilsette. Retningslinjene er samla på Fornyings- og administrasjonsdepartementets sider: <http://www.odin.no/fad/norsk/dok/regelverk/retningslinjer/050001-990256/dok-bn.html>. Departementet ber etaten om å omtala arbeidet i årsmeldinga.

Statens bygningstekniske etat skal fortsetja å utvikla rapporteringa slik at ein i større grad vurderar graden av måloppnåing. Det skal bli gjeve gode analysar av status for arbeidsmåla. Målstrukturen skal vera synleggjort i alle styringsdokument slik at ein oppnår konsistens og samanheng. Vidare skal Statens bygningstekniske etat leggja vekt på avvik frå forventa utvikling, og på høveleg vis fremja forslag til korrigerande tiltak.

Statens bygningstekniske etat skal i dei ulike budsjetttrundane gjennom året gje innspel til departementet. Tentative fristar framkjem av vedlegg 2. Endelege fristar og opplegg for innspel vil departementet koma tilbake til i egne brev.

Det vil vera aktuelt at Statens bygningstekniske etat òg blir bedd om bidrag og bistand utover det ordinære budsjettarbeidet og verksemdsrapporteringa. Dette kan mellom anna gjelda svar til Stortinget, i arbeid med meldingar og proposisjonar til Stortinget og ved enkeltsakar generelt.

V RELEVANTE DOKUMENT

- St.prp. nr. 1 (2008-2009) Kommunal- og regionaldepartementet, jf. Budsjett-innst. S. nr. 5 (2008-2009)
- St.prp. nr. 1 (2008-2009) Statsbudsjettet medregnet Folketrygden (Gul bok)
- St.meld. nr. 1 (2008-2009) Nasjonalbudsjettet 2009, jf. Budsjett-innst. S. I (2008-2009)
- St.prp. nr.1 (2008-2009) Olje- og energidepartementet
- St.prp. nr.1 (2008-2009) Justis- og politidepartementet
- St.prp. nr.1 (2008-2009) Barne- og likestillingsdepartementet
- St.prp. nr.1 (2008-2009) Miljøverndepartementet
- St.prp. nr.1 (2008-2009) Kunnskapsdepartementet
- St.prp. nr.1 (2008-2009) Kultur- og kyrkjedepartementet
- Reglementet for og bestemmingane om økonomistyring i staten
- Rettleiar frå Senter for statleg økonomistyring om evaluering av statlege tilskotsordningar

Med helsing



Magnhild Meltveit Kleppa

Vedlegg:

1. Opplegg for mål- og resultatstyring i 2009
2. Kalender for styringsdialogen i 2009
3. Felles retningslinjer for offentlege verksemder

Kopi til:

Barne- og likestillingsdepartementet
Byggjekostnadsprogrammet v/ Programstyret
Finansdepartementet
Husbanken
Miljøverndepartementet
Riksrevisjonen

Vedlegg 1: Opplegg for mål- og resultatstyring i 2009

MÅL OG RESULTAT I 2009	HYPPIGHEIT/ TIDSPUNKT
Arbeidsmål 3.1: Meir brukarvennleg og målretta byggjesaksbehandling	
<i>Styringsparametrar</i>	
Grad av tilfredsheit blant brukarane	3. tertial
Søknader laget på ByggSøk Bygg. Måлтаlet i 2009 er 50 000.	Tertialvis
Søknader laget på ByggSøk Bygg som er sendte inn elektronisk. Måлтаlet for 2009 er 40 000.	Tertialvis
Delen av byggesakar totalt. Måлтаlet for 2009 er 45-55 pst.	Tertialvis
Talet på kommunar som tar imot byggjesøknader elektronisk. Måлтаlet for 2009 er 300.	Tertialvis
Talet på kommunar som tar imot planforslag elektronisk. Måлтаlet for 2009 er 40.	Tertialvis
Talet på gjennomførde kurs i ByggSøk Bygg.	Tertialvis
<i>Rapporteringskrav</i>	
Tilpassing av ByggSøk til ny lov og forskrift. Det er krav om tertialvis rapportering for arbeidet i 2009.	Tertialvis
Plan for organisering av informasjonsarbeidet med ny lov og forskrifter. Frist for rapportering er 2. tertial 2009.	2. tertial
Arbeidsmål 3.2: Auka seriositet og færre byggjefeil i byggjenæringa	
<i>Styringsparametrar</i>	
Talet på sentralt godkjende føretak.	Tertialvis
Talet på godkjende føretak som blir følgt opp. Kravet i 2009 er at 1/3 av de godkjente føretaka blir følgt opp.	Tertialvis
Talet på tilsyn med bedrifter som har sentral godkjenning.	Tertialvis
Talet på føretak som har mista den sentrale godkjenninga.	Tertialvis
Talet på tiltak som har fått tilskot frå KoBE.	Tertialvis
<i>Rapporteringskrav</i>	
Plan for arbeidet som tilsynsstyremakt for byggjeveremarknaden. Frist er 2. tertialrapporteringa.	2. tertial
Arbeidsmål 4.1: Auka tal på miljøvennlege bustader og bygg	
<i>Styringsparametrar</i>	
Tal på miljødeklarasjonar for byggprodukt som er tilgjengeleg	Tertialvis
<i>Rapporteringskrav</i>	
Oppfølging av Miljøhandlingsplanen for perioden 2005-2008, inkludert eit avsnitt om strategi for vidare arbeid. Frist for rapporteringa er 1. juni 2009.	1. juni
Utgreiinga om passivhus i 2020. Frist for oversending av utgreiinga	1. desember

og vurderingar frå Statens bygningstekniske etat er 1. desember 2009.	
Arbeidsmål 4.2: Auka tal på universelt utforma bustader, bygg og uteområde	
<i>Styringsparametrar</i>	
Byggjenæringa si kjennskap til universell utforming, jf. brukarundersøkinga til Statens bygningstekniske etat.	Tertialvis
Byggjenæringa sin kompetanse om krava til brukarvennlegheit i Teknisk forskrift, jf. brukarundersøkinga.	Tertialvis
Tal på tilsyn i høve til universell utforming.	Tertialvis
Tal på besøkande på nettstaden "Din feil".	Tertialvis
Tal på besøkande på nettstaden "Universell utforming bustad og bygg" på etatens eiga nettstad.	Tertialvis
<i>Rapporteringskrav</i>	
Handlingsplan for universell utforming (2005-2009). Frist for rapporteringa er 2. tertial i 2009.	2. tertial
Forslag til nye kvalitetskrav som kan bli stilt ved tildeling av grunnlån i Husbanken. Frist for forslag er 1. september 2009.	1. september 2009

Vedlegg 2: Kalender for styringsdialogen i 2009

Månad	Rapportering/møte
Januar	<ul style="list-style-type: none">15. januar: Tentativ dato for innspel til statsrekneskapet for 2008*
Februar	<ul style="list-style-type: none">10. februar: Foreløpig årsmelding for 2008
Mars	<ul style="list-style-type: none">1. mars: Tentativ frist for innspel til tilleggsføringar og omprioriteringar i vårsesjonen*17. mars kl. 11.30-14.30: Styringsmøte om årsmeldinga og årsrekneskapen for 200830. mars: Endeleg årsmelding for 2008
April	
Mai	
Juni	<ul style="list-style-type: none">10. juni: Rapportering for 1. tertial15. juni kl. 11.30-14.30: Styringsmøte om rapporteringa for 1. tertial
Juli	
August	
September	<ul style="list-style-type: none">20. september: Tentativ frist for innspel til nysalderinga i haustsesjonen*
Oktober	<ul style="list-style-type: none">10. oktober: Rapportering for 2. tertial27. oktober kl. 11.30-14.30: Styringsmøte basert på rapporteringa for 2. tertial
November	<ul style="list-style-type: none">17. november: Tentativ dato for innspel til store satsingar (2011-budsjettet)*
Desember	<ul style="list-style-type: none">22. desember: Tentativ dato for innspel til konsekvensjustering (2011-budsjettet)*

*Endeleg frist vil bli gjeve på eit seinare tidspunkt i eit eget brev

Vedlegg 3: Felles retningslinjer for offentlege verksemder

Rapportering iht. målloven

Det blir vist til § 8 i mållova om målform i sentrale og regionale statsorgan og § 6 i forskriftene til lova med krav om minimum 25 pst. bruk av den minst nytta målforma.

Personalpolitikk

Departementet ber Husbanken om å følgja opp IA-avtalen i staten, særleg i forhold til mål om å redusera sjukefråværet, behalda og rekruttera personar med redusert funksjonsevne og å auka den reelle pensjoneringsalderen. Departementet viser vidare til § 1a i likestillingslova der det er eit krav til offentlege myndigheitar og verksemder om å gjera greie for status for arbeidet med likestilling. Husbanken skal nytta tabellen under i rapporteringa til årsmeldinga og i St.prp. nr. 1. Husbanken må sjølv vurdere i kva for grad det er formålsteneleg å rapportera. Rapporteringa bør ha ein kort forklaring på eventuelle ulikheitar, og informasjon om kva for tiltak som blir sett i kraft.

Regjeringa har bestemt at alle statlege verksemder skal setja mål og utarbeida planar for å auka rekrutteringa av personar med innvandrarbakgrunn. Slike mål og planar kan f.eks. inngå i verksemds- og/eller personalplanar. Det skal rapporterast på måloppnåing i årsmeldinga. I årsmeldinga for 2009 skal det på denne bakgrunnen rapporterast på:

- Tal og del (i prosent) av tilsette (faste og mellombelse stillingar) med innvandrarbakgrunn i verksemda den 1.1.2009.
- Kva for mål verksemda sette for rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn i 2009.
- Tal og del av tilsette med innvandrarbakgrunn den 1.1.2010.

Mal for rapportering på likestilling:

	Tal	Kvinner	Pst.	Menn	Pst.
Toppleiarar					
Mellomleiarar					
Alternativ karriereveg					
Saksbehandlarar					
Kontortilsette					
Sum tilsette					
Gjennomsnittleg lønnstrinn					
Rekruttert					
Gjennomsnittleg lønnstrinn nytilsette					
Slutta					
Gjennomsnittleg overtid					
Redusert arbeidstid					
Fødsels-/omsorgs-/fedrepermisjon					
Sjukefråvær i pst.					
Styreleiar					
Styremedlemer					

Stillingskategoriar frå lønnsplanar i Staten. Avvik og spesialstillingar blir forklarde i fotnote. For rapporteringskriterium der verksemda ikkje har data skal det settast ein strek.